



BREKKANS BASTHAUGEN GARD  
Øvre Mjøs 11  
5939 SLETTA

Dato: 13.12.2017  
Vår ref.: 2014/19667-189  
Saksbehandlar: irekron  
Dykkar ref.:

## **Grindverksløa på Mjøs gnr 16 bnr 4 - Basthaugen - Radøy kommune - Tilskot til vern og vøling av kulturminne 2015 - Sluttutbetaling av tilskot**

Vi viser til e-post frå dykk ang. utbetaling av tilskot til grindverksløa på Mjøs for 2015.

Vi har forståing for at prosjektet tek tid. Det står att kr. 24 000 til grindverksløa på Mjøs i Radøy kommune. Vi overfører med dette kr. 24 000 og stadfestar at midlane kan nyttast til innkjøp av naudsynt materiale til restaureringa. Med dette er siste del av tilskota til dette prosjektet utbetalt. Vi ber om å få rapport og dokumentasjon på denne delen av tiltaket når det er ferdigstilt.

Når det gjeld faglege spørsmål knytt til prosjektet, kan de ta kontakt med Roald Landøy tlf. 55239993.

Kr 24.000,- vert utbetalt til dykkar bankkontonr. 3632.58.71908.

De har ansvar for å kontrollera at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

David Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

Roald Landøy  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*